

Eit smykke av ein båt i Båthamna.

07.08.2016



Den vakre båten til Else og Sigurd Arnesen.

**Mange har merka seg ein vakker båt som ligg i Båthamna. Eigarane er Else og Sigurd Arne Arnesen.**

Den 22 fots lange fritidsbåten vart kjøpt for om lag 20 år sidan. Framdrifta er ein Volvo Penta, AQ 130 HK, bensinar. Sonen deira gjekk båten frå Fanafjorden til Uskedalen. Bensinforbruket på ein slik tur er om lag 40 liter.

For å gjera båten sjøklar har det gått med 200 arbeidstimar. Skroget over vannlinja og overbygget er behandla med Benarolje og Ravilakk. Ta turen i Båthamna og nyt synet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal